# Frå Sogn.

Kjære Norsk Barneblad.

Heimen min heiter Leirmokleivi, og ligg millom Leirmo og Leirdalen.

Heimbygdi mi høyrer til Gaupne sokn i Luster herad.

Leirdalen er ein dal med høge fjell på alle sidor. Gjenom dalen renn elvi me kallar Leirdøla, ho kjem frå ein brede me kallar Tunsbergdalsbreden, og renn so gjenom Tunsbergsdalen der ho stoggar i tvo vatn, Netlevatnet og Storevatnet. I dei vatni er det mykje aure.

Elvi gjeng ofte med flaum. I 1926 gjekk ho med den store flaumen som stod so mykje um i bladi.

Folket her lever av jordbruk og feal.

Kyrkja stend i Gaupne der presten preikar ein gong kvar månad.

Me hev 15 skulevikor i året med samla skule. Me er berre 12 born og brukar norsk i skulen. Læraren vår er lustring og heiter Georg P. Kroken.

I vinter gjeng eg for presten, og dei turane gled eg meg mykje til.

Me hev halde N. B. i mange år og likar deg svært godt.

Helsing til alle barnebladlesarar.

*Astrid Kleivi*, 14 år.

Norsk Barneblad.
16. november 1929.

Astrid (1912–1972) flytta til Håland i Lyngdal der ho jobba som sjukepleiar og jordmor.